

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
660	Knut Øyjordet	12.02.20	6/20

SPØRSMÅL OM INNANBYGDSSTATUS PÅ JAKT OG FISKE FOR PERSONAR SOM BUR I «GREND» PÅ TOLSTADÅSEN I SEL KOMMUNE

Saksdokument:

1. E-postar frå Henriette Sandum Jeilen.
2. E-post frå Norges Fjellstyresamband av 10.12.19 til fjellstyret.
3. Sak 42/99 i fjellstyret.

Saksutgreiing og vurdering:

I 1999 behandla fjellstyret ei sak ang. spørsmål om jakt- og fiskerett for fem bruk på Tolstadåsen, og det vart gjort følgjande vedtak:

Fjellstyret vurderer saka slik at dei fem bruka på Tolstadåsen som etter kommunegrensejusteringa i 1965 vart liggjande i Sel, er å forstå som å liggje i "bygd eller grend der innbuarane frå gamal tid har utøvd almenningsbruk i almenningar". Brukarane må såleis sjåast på som innanbygdsbuande i høve til fjellova. Dette inneber at det kan løysast jakt- og fiskekort på lik line med dei andre innanbygdsbuande i Vågå.

Bakgrunnen for saka den gongen var spørsmål frå eigarar av to av dei fem bruka om jakt- og fiskerett i Vågå. Før behandlinga innhenta fjellstyret ei vurdering frå advokat Tor Gresseth, som blir nytta av Norges Fjellstyresamband (NFS) i vurdering av m.a. prinsipielle juridiske saker.

I fjor haust fekk fjellstyret ein forespørsel frå Henriette Sandum Jeilen om jakt- og fiskerett i Vågå. I 2018 kjøpte ho eit hus som var bygd på eitt av dei fem bruka. Det vart bygd i 1975/76, og vart frådelt frå bruket (Haugtulen) i 2019.

Saka vart sendt til ei vurdering hjå NFS. I svaret frå NFS står det m.a. følgjande:

NFS ser at det er fastslått at dei fem bruka på Tolstadåsen har allmenningsrett etter Fjellova. Retten til jakt og fiske er ikkje knytt til gardsbruk, men til område der statsallmenningen ligg, altså som innanbygds – «personar som siste året har vore og framleis er fast busette i området der allmenningen ligg». Eigar av bustaden på Tolstadåsen er å rekne som innanbygds, gjeve at vedkomande siste året har vore og er fast busett i området der allmenninga ligg.

Med bakgrunn i tidlegare vedtak og uttale frå NFS, så skulle saka vera grei. Det er slik at retten til jakt og fiske følger ikkje berre personar som bur på dei fem bruka, men alle personar som er fast busette i denne grenda som tidlegare låg i Vågå. Det er fyrst nå at dette spørsmålet har vorte aktualisert fordi det nyleg har vorte frådelt eit hus på eitt av desse bruka.

Innstilling til vedtak:

I spørsmål om innanbygdsstatus på jakt og fiske for personar som bur i «grenda» på Tolstadåsen, som etter kommunegrensejusteringa i 1965 vart liggjande i Sel kommune og som før det låg i Vågå kommune, så viser fjellstyret til vedtak i sak 42/99 og til uttale frå Norges Fjellstyresamband. Personar som siste året er fast busett i denne grenda, er å betrakte som innanbygdsbuande på jakt og fiske i statsallmenningane i Vågå.

Vedtak:

Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:

Henriette Sandum Jeilen

Kopi til:

Norges Fjellstyresamband

Vågåmo, 13.02.20

Knut Øyjordet (e.f)